

# Voss Utferdslag



## Høyringssvar omklassifisering av kommunale vegar til private vegar

Voss, 01.10.2025

Me viser til høyringa om mogleg omklassifisering av enkelte kommunale vegar til private vegar i Voss herad. Me ønskjer med dette å koma med eit overordna innspeil til saka.

### **Vegar som sikrar tilgang til friluftsområde bør ikkje omklassifiserast til privat veg**

Fleire av dei aktuelle vegane er i dag viktige for å sikra tilkomst til ulike friluftsområde på Voss, både for fastbuande og tilreisande. Ei privatisering av desse vegane kan føra til redusert vedlikehald, vinterstenging og andre restriksjonar som vil gjera det vanskelegare for folk å koma til dei aktuelle områda. Dette er uheldig i eit folkehelseperspektiv og bryt med måla om å sikra allmenn tilgjenge til natur og friluftsliv.

### **Friluftsliv er ein grunnstein i folkehelsearbeidet**

Friluftsliv er nordmenn sin viktigaste kjelde til fysisk aktivitet, og den forma for mosjon flest kan tenkja seg å gjera meir av. Friluftsliv er ein dokumentert helsefremjande aktivitet som:

- Fremjar fysisk aktivitet og førebyggjer livsstilssjukdomar
- Gjev betre psykisk helse og reduserer stress
- Skapar sosiale fellesskap

### **Kommunen sitt ansvar for fellesskapsinfrastruktur**

Å legga til rette for friluftsliv er eit sentralt verkemiddel i folkehelsearbeidet, og det bør også speglast i vegforvaltninga. Privatisering av desse vegane gjev kortsiktige innsparingar, men kostnaden kan verta høgare i form av mindre tilgang til natur for befolkninga.

Me vonar Voss herad tek med desse punkta i det vidare arbeidet.

Beste helsing

  
Sigbjørn Hauge  
Styreleiar i Voss Utferdslag